



## Månadsbrev august 2019

Velkomen til eit nytt skuleår! I år byrja det fire elevar i første klasse. Det er 15 elevar på småskuletrinnet, 25 på mellomtrinnet og framleis seks på ungdomstrinnet, men ingen elevar i 8. klasse. Sidan Julia har flytta til Polen i løpet av sommaren, vil det seia 46 elevar dette skuleåret.

Første skuledag snakka me om at me er gode nok, slik BlimE-songen "Mer enn god nok" slår fast særst tydeleg. Me er alle vener som støttar kvarandre, både når me har det kjekt saman og når me har det litt vanskeleg ein dag. Sammen kan vi klare alt, (...) Glem alle tingene du ikkje kan, (du er) best når du er deg selv og ingen annen. Det er vanskeleg om eg er redd for at eg ikkje er god nok, for då blir eg usikker og kan gjera noko som er dumt, og så blir eg flau og trur at ingen likar meg. Ingen er perfekte, kva nå det eigentleg er, heile tida, og saman kan me vera perfekt uperfekte. Me kan ha ulike interesser, forskjellige meiningar, men me kan vera oss sjølv, for det blir ei flott blanding, ein fin blomebukett, ein fargerik palett, ein flott gjeng, ein perfekt uperfekt skule. Me er meir enn gode nok, både åleine og saman. Stina Talling seier at "Det er når vi tør å være oss selv, perfekt uperfekte, at vi blir mest kreative og spennende." Song og dans skal framførast 6. september, og mange kan han allereie.

Som alltid satsar me på **overnattingstur** så tidleg som råd, og i år vert det tur til Børsteinen, sjå eige skriv etter kvart. Om du som forelder vil vera med på tur, er du hjarteleg velkomen!



I år som tidlegare år vert onsdag **friday for 1.-4. klasse**, bortsett frå sju (7) onsdagar. **SFO** (skulefritidsordninga) er open kvar morgon og ettermiddag frå 08.00-08.40 og 14.20-16.00, samt onsdagar frå 08.00-16.00. Ynskjer ein å nytta enkeltdagar ein gong av og til, søkjer ein om det seinast tre dagar før, medan SFO i feriar og fridagar, må søkjast om **minst tre veker på førehand**. Me held fram med **leksehjelp** for **1.-10. klasse** måndagar og onsdagar kl. 14.30 - 15.15. Det er som tidlegare inga påmelding, og elevane kan møta kvar veke eller av og til, men det seier seg sjølv at eleven då må hentast av foreldre/føresette etterpå. **Skulebussane** går frå Sinnes skule klokka 14.30 presis! I skrivande stund er det usikkert om det vert ein fast sjåfør på ruta frå og til Ådneram, så det får me sjå etter kvart.




Trivselsleiarane på ungdomstrinnet, som set i gang aktivitetar i eitt friminutt fleire dagar i veka, fortset fram til jul, men blir utvida med to frå 7. klasse når dei har vore på kurs. Etter kvart trekkjer 10. klasse seg ut, og 7. og 9. fortset.

**HUGS** skuleonsdag for 1.-4. klasse 28. august!

Mange har vore ivrige på **Sommarles 2019**, og kan lesa heilt til 31. august. Premiar kan hentast på biblioteket, og det blir lesefest på biblioteket. Fristen for å ta med eit **sommarminne** i år er 30. august. Materialbiletet, eller collagen om du vil, blir flott når alle små, store og eldre leverer inn eit bidrag! Skulle nokon ikkje vilja gje frå seg originalen, kan me kopiera og nytta kopien til materialbiletet!

De finn kontaktinformasjon, med m.a. trefftider, for alle tilsette i **informasjonsheftet**, som me deler ut til alle heimar i løpet av august. Det kan vera dette blir lagt ut som enkeltartiklar òg på heimesida etter kvart. Der er òg oversynet over **klassekontaktar**, og etter kvart som **FAU**, **SU** og **SMU** vert konstituerte, blir dette lagt inn i den elektroniske utgåva på heimesida [www.minskule.no/sinnes](http://www.minskule.no/sinnes). Abonnerer de på heimesida, noko de må gjera på nytt kvart skuleår, får de melding om dette og ev. andre endringar. Lærarane er flinke til å leggja ut glimt frå livet på skulen, og månadsbrevet blir lagt ut der framover, så følg med! **Årsplanane** blir lagde ut seinast 16.09.19.



Nytt i år er **skuleadministrativt system**, Visma Flyt Skole, der lærarane fører fråvær, merknader, kan skriva meldingar til og frå og registrera samtykke. Det er med ein føresettportal der foreldre kan lasta ned ein app, der de ser informasjon som er lagt inn om deg og ditt/dine barn. Der kan de endra kontaktinformasjon om de t.d. får nytt telefonnummer, melda fråvær, sjå fråvær/merknader som blir lagt inn og senda og motta meldingar frå skulen. Alle må inn for å gje samtykke til m.a. bruk av bilete av barnet/barna på heimesida via denne portalen. Dette blir det meir informasjon om på foreldremøta i kvar klasse i haust.

Skulane i Sirdal held fram med skuleutvikling og Betre tverrfagleg innsats (BTI), sosial læreplan og vurdering for læring, samstundes som me skal byrja å førebu ny læreplan frå hausten 2020. I år skal det òg vera ei arbeidsmiljøundersøking for kommunalt tilsette. Dette og meir til kjem me attende til i månadsbreva framover, så følg med!

**Klassestyrarane 2019/2020 er:**

Kristina Smedegård:

1.-2 klasse

Torger Åge Sinnes:

3.-4. klasse

Almut Becker/Anne Grethe N. Ådneram:

5. klasse

Hilde Sinnes:

6. klasse

Anne Fosse Tjørhom:

7. klasse

Wenche Lægraid Kvæven:

9.-10. klasse

Almut byrjar med 5. klasse i haust, og så held Anne Grethe fram etter nyttår.



Sinnes 14.08.19, *Åse-Berit* (rektor)